

Referat A rsmøte Alver kulturra d

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Rydland, Frode (11.02.1971), signert 30.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- MONSTAD, KARIN (12.04.1959), signert 07.05.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



Referat frå årsmøtet i Alver Kulturråd 2025

Saker ifølgje saklista:

1 Registrering/godkjenning av frammøtte representantar

Det var 19 registrerte frammøtte, 11 ulike lag var representert. Komplette namneliste vert lagd ved referatet.

2 Godkjenna innkalling og sakliste

Innkalling, sakliste, rekneskap, budsjett og handlingsplan var sendt ut av styret innan fristen og er vedlagt dette referatet. Innkallinga og saklista vart godkjende.

Val av ordstyrar og 2 referentar samt 2 stk. til signering av møteprotokoll

Ordstyrar: Morten Sæle

Referentar: Rune Brundtland og Johan Myking

Underskrivarar: Karin Monstad og Frode Rydland

3 Årsmelding

Årsmeldinga vart presentert og gjennomgått av leiar Ivar Hopland.

Kommentarar/spørsmål frå salen:

Morten Sæle opplyste at avtalen om annonsering med dei to lokalavisene snart er klar og vil då verta utsend til medlemslaga. Avtalen gjeld komplett produksjon og innrykking, og Kulturrådet har som «paraply» og einaste kunde fått gode prisar.

Tilskotsportalen er avvikla på grunn av for høgt kostnadsnivå, men behovet framleis til stades.

Frivilligsentralane har organisert kurs i mellom anna søknadsskriving, men oppslutninga har variert.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med desse merknadene.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Rydland, Frode (11.02.1971), 30.04.2025
- MONSTAD, KARIN (12.04.1959), 07.05.2025

Forseglet av



Posten Norge

4 Rekneskap

Rekneskapane vart presenterte av Mette Marei Træland frå styret.

Det var ingen merknader til driftsrekneskapen, som vart samrøystes godkjend.

Under drøftinga av balanserekneskapen kom det opp spørsmål om revisjon, noko som ville vera ryddig å ha på plass. Vedtektene seier ikkje noko om dette. Årsmøtet slutta seg til eit framlegg om at styret tek dette spørsmålet med seg og kjem med ei sak på neste årsmøte.

Balanserekneskapen vart deretter samrøystes godkjend.

5 Innkome saker

Det var ikkje innmeldt saker frå medlemene.

6 Handlingsplan 2025-2026

Framlegget til handlingsplan vart presentert og gjennomgått punktvis av Ivar Hopland.

Det kom merknad om at punktet om synleggjering ikkje berre burde nemna Facebook, men meir generelt «sosiale medium».

Framlegget til handlingsplan vart samrøystes godkjent med denne merknaden.

7 Budsjett

Framlegget til budsjett vart presentert av Mette Marei Træland. Framlegget tek utgangspunkt i dei vanlege utgiftspostane.

Frå salen kom det ein merknad: Budsjettet bør gå i null, dvs. inntekts- og utgiftsposten bør vera like store. Dette vil gje eit meir offensivt budsjett.

Styret svara at dette kom av underforbruk tidlegare år, men at ein no har større utgifter enn inntekter og at det akkumulerte overskotet kjem til å verta gradvis nedskalert.

Framlegget til budsjett vart samrøystes godkjent.

8 Val

Framlegget frå valnemnda vart presentert av Ingrid Hindenes. I valnemnda har desse sete: Ingrid Hindenes, Signar Kristoffersen og Karin Monstad.

Alle framlegga frå valnemnda vart vedtekne samrøystes med akklamasjon.

Det kom spørsmål om kandidatar kunne veljast som representantar frå meir enn eitt lag. Styret vurderer om vedtektene er tydelege nok på det punktet.

Det kom merknader til punktet om valnemnd. Den skal ha tre medlemer medrekna ein leiar, men vedtektene seier ikkje klårt kve som skal gje framlegg på valnemnd til årsmøtet.



Årsmøtet samla seg om konklusjonen at det er styret som skal gje slikt framlegg, ikkje valnemnda sjølv.

Styret i Alver kulturråd 2025-2026

Verv	Namn	Lag	Vald for
Leiar	Ivar Hopland	Alverrevyen	1 år
Styremedlem	Mette Træland	Nordhordland kunstlag	2 år
Styremedlem	Morten Sæle	Nordhordland kunstlag	2 år
Styremedlem	Anne Kolstad Morken	Manger musikklag	2 år
Styremedlem	Kjersti Wiik	Musikkens venner Nordhordland	Ikkje på val
Styremedlem	Marit Gro Berge	Alversund mållag	Ikkje på val
Styremedlem	Henrik Fanebust	Kløvheim ungdomslag	Ikkje på val
Varamedlem	Laura Camilla Størseth	Sagstad skulekorps	1 år
Varamedlem	Marit Veland Thorsen	Meland seniorkor og Seim songkor	1 år

Ny valnemnd 2025–2026:

Signar Kristoffersen, leiar

Karin Monstad

Jan Thorsheim

Alver 27.04.2025

Referentar: Rune Brundtland og Johan Myking

Underskrive elektronisk av:

Karin Monstad

Frode Rydland

Dokumentet er signert digitalt av:

- Rydland, Frode (11.02.1971), 30.04.2025
- MONSTAD, KARIN (12.04.1959), 07.05.2025

Forseglet av



Posten Norge